

MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD

Møtedato: 28.05.2026**Møtestad:** Våganipen, 4.et., Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 09:02 - 13:53**Behandla saker:** 31-40/26

Møteleiar:	Parti:
Aurora Isabell Naustdal Sjøbø	AND

Møtedeltakarar:	Parti:
Adrian Karlsson-Urena	OUS
Annie Sofie Ask	OSG
Aurora Isabell Naustdal Sjøbø	AND
Benjamin Martin Aase	AND
Ella Christiansdotter Epland	FUS
Fredrik Strønen Sperrevik	OVGS
Hanna Viktoria Bjøntegaard	KMG
Magnus Haldorsen Bakke	NNUS

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Mathilde Eikeland Gjøn	FVGS

Frå administrasjonen møte:

Kultursjef Erik Vangsnes, SLT-koordinator Elin Tuft, kommunalsjef Line Rye, einingsleiar Thomas D. Orø, prosjektleiar Martha Gindl og skulesjef Janne M. E. Eik

Orientering:

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
31/2026	26/5073 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
32/2026	26/5073 Nytt frå administrasjonen
33/2026	25/19258 Årsmelding 2025 - 3. tertialrapport 2025
34/2026	26/4464 1. tertialrapport 2026
35/2026	24/9101 Heilskapleg innsats- og bustadtrapp
36/2026	22/2696 Revisjon av handlingsplan for førebygging av sjølv mord i Bjørnafjorden kommune og behandling av innbyggjarforslag om nytt tiltak i planen
37/2026	26/4661 Søknad om tilskot til stipend på "Unge talenter"
38/2026	23/8330 Handlingsplan for ungdomsrådet 2026
39/2026	26/5073 Politisk kvarter
40/2026	22/1787 Kvalitetsmelding - Skule og barnehage 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 20.04.26 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 31/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 28.05.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 9.02

Forfall:
Mathilde Eikeland Gjøn, FVGS - ingen vara.

Forfall ved møtestart:
Fredrik Strønen Sperrevik, OVGS
Annie Sofie Ask, OSG

Det er 6 stemmeføre i salen.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Møteprotokoll frå 20.04.26 blei godkjend.

Det var ingen merknader til sakslista.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 20.04.26 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

32/2026 - NYTT FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rådet tar saka til orientering.

Behandling:

Kommunalsjef Line Rye hadde ikkje noko spesielt å informere om då fleire av tema kjem seinare i møtet.

SLT-koordinator Elin Tuft informerte kort om:

- Ung jobb prosjekt
- Nytt team: Radikalisering og valdeleg ekstremisme, negativ sosial kontroll og æresmotivert vald (TOT team).

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Rådet tar saka til orientering.

33/2026 - ÅRSMELDING 2025 - 3. TERTIALRAPPORT 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar årsmeldinga for Bjørnafjorden kommune 2025 til orientering.

Behandling og vedtak i sak 33/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 28.05.2026

**Framlegg til vedtak frå Aurora Isabell Naustdal Sjøbø, Andre
Felles forslag**

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

Behandling:

Fredrik Strønen Sperrevik, OVGS møtte kl. 9.25 i sak 33/2026.

Det er 7 stemmeføre i salen.

Kommunalsjef Line Rye orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av rådsleiar Aurora Isabell N. Sjøbø, AND blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport 2026 til orientering.
2. Kommunestyret tar finansrapportering pr 1. tertial 2026 blir tatt til orientering.
3. Kommunestyret godkjenner at utgiftsføringa av premieavviket for 2025 kr 50.406.505 blir dekket ved bruk av disposisjonsfond konto 25600101 som er sett av til føremålet. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettreguleringar.
4. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei re-budsjettering av investeringsbudsjettet for 2026 slik at pågåande prosjekt med restmidlar i 2025 får overført desse til 2026. Prosjektramme pr. prosjekt blir uendra, men budsjettbeløpet for nokre av prosjekta blir endra for 2026. Auka utgifter blir finansiert med auka mva kompensasjon og unytta lån.
5. Kommunestyret godkjenner at budsjettpost for renteutgifter blir auka med 3 mill. kr. Finansiering skjer ved å auke budsjettpost for renteinntekter tilsvarande.
6. Kommunestyret godkjenner at det blir gjort ei budsjettregulering mellom sektorane med føremål om å samle ein større del av husleigeutgiftene på Fellesområde (ansvar 115):

<u>Auka budsjetttramme:</u>	
Sektor Fellesområde	2 352 000
<u>Redusert budsjetttramme:</u>	
Sektor Oppvekst	-1 056 000
Sektor Helse og velferd	-430 000
Sektor Samfunnsutvikling	-866 000

Behandling og vedtak i sak 34/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 28.05.2026

**Framlegg til vedtak frå Aurora Isabell Naustdal Sjøbø, Andre
Felles forslag**

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

Behandling:

Annie Sofie Ask, OSG møtte etter avtale kl. 09.38 i sak 34/2026.

Det er 8 stemmeføre i salen.

Kommunalsjef Line Rye orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Det var diskusjon om hærverk og skadeverk på blandt anna kommunale bygg og nærmiljøanlegg. Dette ynskjer ungdomsrådet å ta opp igjen på hausten for å sjå om dei kan vere med å gjere noko haldningsskapande arbeid.

Voting:

Felles forslag til vedtak fremma av rådsleiar Aurora Isabell N. Sjøbø, AND blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

35/2026 - HEILSKAPLEG INNSATS- OG BUSTADTRAPP

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

Behandling og vedtak i sak 35/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 28.05.2026

Behandling:

Prosjektleder Martha Gindl orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei mellombels heva kl.10.11.

Vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

36/2026 - REVISJON AV HANDLINGSPLAN FOR FØREBYGGING AV SJØLVMORD I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE OG BEHANDLING AV INNBYGGARFORSLAG OM NYTT TILTAK I PLANEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek handlingsplan for førebygging av sjølv mord i Bjørnafjorden kommune 2026-2029 slik han ligg føre.

Innbyggjarforslaget om at tiltaket «Livet på timeplanen» skal vera del av handlingsplanen blir ikkje teke til følge.

Behandling og vedtak i sak 36/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 28.05.2026

**Framlegg til vedtak frå Aurora Isabell Naustdal Sjøbø, Andre
Felles forslag**

Ungdomsrådet støttar opprinneleg forslag, men vil understreka at helsesjukepleiarane ved skulane er ein viktig ressurs i det sjølv mordsførebyggande arbeid, og må satsast på i åra som kjem. Jfr. handlingsplanen til ungdomsrådet.

Behandling:

Møtet blei sett igjen kl.10.26.

Einingsleiar for psykisk helse og rustenester, Thomas D. Orø orienterte og svarte på spørsmål i saka. Han viste ein kort filmsnutt om det å sjå kvarandre i kvardagen.

Kommunalsjef for oppvekst, Line Rye snakka om livsmeistring i skulen og innbyggjarinitiativet "Livet på timeplanen".

Det var spørsmål rundt korleis få ut informasjonen på kvar ein kan ta kontakt når det gjeld dette temaet. Synligheit er viktig.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av Aurora Isabell Sjøbø, AND blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Ungdomsrådet støttar opprinneleg forslag, men vil understreka at helsesjukepleiarane ved skulane er ein viktig ressurs i det sjølvmondsførebyggande arbeid, og må satsast på i åra som kjem. Jfr. handlingsplanen til ungdomsrådet.

37/2026 - SØKNAD OM TILSKOT TIL STIPEND PÅ "UNGE TALENTER"

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden ungdomsråd er positiv til søknad frå Unikultur og Bjørnafjorden kulturråd og løyver kr 10.000,- til stipend under Unge talenter i Kulturveko. Løyvinga vert dekkja av avsette fondsmidlar til ungdomstiltak.

Behandling og vedtak i sak 37/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 28.05.2026

**Framlegg til vedtak frå Aurora Isabell Naustdal Sjøbø, Andre
Felles forslag**

Ungdomsrådet ynskjer å løyve 10 000 kr til stipend frå fondet. Ungdomsrådet ønsker å synleggjera at rådet står bak stipendet og vil gjerne stå for sjølv utdelinga på sjølv arrangementet.

Behandling:

Kultursjef Erik Vangsnes orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Ungdomsrådet ynskjer å løyve 10 000 kr til stipend frå fondet. Ungdomsrådet ønsker å synleggjera at rådet står bak stipendet og vil gjerne stå for sjølv utdelinga på sjølv arrangementet.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av Aurora Isabell N. Sjøbø, AND blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei mellombels heva kl. 11.26.

Vedtak:

Ungdomsrådet ynskjer å løyve 10 000 kr til stipend frå fondet. Ungdomsrådet ønsker å synleggjera at rådet står bak stipendet og vil gjerne stå for sjølve utdelinga på sjølve arrangementet.

38/2026 - HANDLINGSPLAN FOR UNGDOMSRÅDET 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Behandling og vedtak i sak 38/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 28.05.2026

**Framlegg til vedtak frå Aurora Isabell Naustdal Sjøbø, Andre
Felles forslag**

Ingen vedtak i saka.

Behandling:

Møtet blei sett igjen kl. 12.03.

Ungdomsrådet tok fram handlingsplanen og notat frå møtet 06.03.26 og diskuterte strategiane og tiltaka som allereie ligg i gjeldande handlingsplan.

SLT-koordinator Elin Tuft og kultursjef Erik Vangsnes tar med seg det som blei diskutert/tatt opp i det vidare arbeidet med handlingsplanen og vil koma med forslag i neste møte. I tillegg vil rådet også sjå nærmare på korleis dei kan nå ut til andre ungdommar.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av Aurora Isabell N. Sjøbø, AND blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

39/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling:

Annie Sofie Ask, OSG seier at det er utfordringar med parkering ved Os gymnas. Grunna det har kome fleire elevar og lærarar på skulen, er det også fleire som parkerar. Annie Sofie Ask, OSG tar dette direkte med skulen og rådet vil ta det opp igjen til hausten igjen når samanslåinga er gjennomført..

Saker rådet ønsker å ta opp på neste møte:

- Rådsleiar Aurora Isabell N. Sjøbø, AND ønsker at rådet skal arbeide med å få inn eit fast driftsbudsjett for dei neste åra.
- Rådet ønsker å høyre om Ingrid Tøsdal vil komme tilbake og gje ein status på reglar for bruk av elparkesyklar.

Rådet snakka om trygg russetid og mangel på skyss frå mellom anna Hordnesskogen. Dette vil ungdomsrådet ta vidare med Vestland ungdomsutvalg og hovedrussestyret.

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

40/2026 - KVALITETSMELDING - SKULE OG BARNEHAGE 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret har drøfta kvalitetsmelding for skule og barnehage i Bjørnafjorden kommune 2025.

Kommunestyret tar saka som ei melding.

Behandling og vedtak i sak 40/2026, BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD 28.05.2026

**Framlegg til vedtak frå Aurora Isabell Naustdal Sjøbø, Andre
Felles forslag**

Ungdomsrådet tar saka til orientering.

Behandling:

Skulesjef Janne M. E. Eik orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Rådet tok opp om det var mogeleg å få til eit frukosttilbod på ungdomsskulane. Gjerne som eit prøveprosjekt på ein av skulane. Dei vidaregåande skulane har gode erfaringar rundt dette. Skulesjef Janne M.E. Eik vil ta dette opp med rektorane og vil gje rådet ei tilbakemelding.

Votering:

Felles forslag til vedtak fremma av Aurora Isabell N. Sjøbø, AND blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei heva kl. 13.53.

Vedtak:

Ungdomsrådet tar saka til orientering.